



Luster kommune



NYTT UNDER STOREN 3-15

Internavis for Luster kommune

Gode medarbeidar.

Eg har inntrykk av at den kommunale kvardagen stort sett går som planlagt. Resultata er bra og me taklar både det planlagde og det meir uventa – takk for god innsats.

Resultatet av kommunevalet må vel seiast å vera uventa. Det er berre å gratulere Senterpartiet og Ivar med eit kjemperesultat der dei har fleirtal i kommunestyret åleine. Det gjenstår å sjå korleis det vil påverka det lokalpolitiske arbeidet og dialogen mellom politikk og administrasjon i kommunen. Den same ordføraren som tidlegare og relativt småe forskjellar mellom dei politiske partia i kommunen talar for at det vil vere mogeleg å fortsetja eit godt og konstruktivt samarbeid til beste for heile kommunen.

Ei meir dramatisk sak er mottak og busetjing av flyktningar. Den store tilstrøyminga til landet vil og få konsekvensar for oss i Luster, utan at me endå veit heilt kva som vil skje. I desse dagar vert me utfordra på kva me har av ledig overnattingskapasitet der det vert spurt etter både kapasitet for akuttmottak og for meir ordinært mottak på lengre sikt. Me vil svara på dette og me må førebu oss på at det skal gjerast ein større jobb på dette området enn me so langt har planlagt. Litt uavhengig av det som no skjer, men definitivt med det me no ser så vil dei kommunale tenestene, næringsliv og det frivillege Luster bli utfordra på å gjere ein jobb og ein større jobb enn rekna med i flyktningearbeidet.

Me skal no svara IMDI om me kan ta mot fleire flyktningar og regjeringa skal kome med ein tilleggsproposisjon med forventningar og vilkår for jobben som skal gjerast i kommunane framover.



Gisle Sturte

Sakarkivsystemet, ESA - oppgradering etter nyttår.

Me melde i førre utgåve av Nytt under Storen, at arkivet skal oppgraderast og bli fullelektronisk frå november. Etter ynskje frå leverandør, vert oppstart utsett til over nyttår.

Opplæring:

I skrivande stund er me i veke 43 og brukarane i systemet har fått opplæring. Det går ei tid frå kurs til oppstarten. Me tilbyr difor felles øvingar på kursrommet i vekene før.

Superbrukarar i ESA:

- Oppvekst: Gunvor Kjos-Wenjum
- Helse, pleie og omsorg: Margunn Hillestad
- Landbruk og teknisk: Ole Arne Haugen, Haakon Stauri Begby
- For alle: arkivet v/ Anita Bjørk Ruud og Unni Sture Venjum og IKT v/Trond Helge Eide

Dagens sakarkiv blir stengt.

Etter nyttår får me ein base utan dokument og saker. Dei sakene som ikkje er ferdig handsama, legg me inn i ny base, med referanse til gamal base. Dokumenta i gamal base vil ikkje følgje med. Den gamle basen vil også bli oppgradert, og du vil få tilgang til å søkje etter dokument i denne basen.

Elektronisk arkiv - rutinar

Papirarkiv blir berre vidareført på avtalar og protokollar. Me arbeider med arkivet og sakshandsamarane sine rutinar i arkivet. Dette blir presentert på ei fellessamling for brukarane i løpet av desember.

Budsjettarbeidet:

Om ein likar det eller ikkje så er planlegging av neste år, budsjettarbeidet, heilt sentralt i desse dagar.

Utan at situasjonen på nokon måte er dramatisk så må rådmann melda om eit krevjande arbeid. Me ligg litt etter budsjettskjema i 2015; lønsbudsjettet ser ut til å få eit mindre overforbruk og straumprisane er så låge at inntektene sviktar og dette ser ut til å halde fram.

Når så statsbudsjettet kom så var det om lag som planlagt når det gjeld oppdrag og oppgåver, signala me fekk i den sokalla kommuneproposisjonen i mai vart stadfesta. Når det kom til rammevilkåra så kom det ei negativ overrasking der Luster kommune fekk nedtrekk på distriktstilskotet for neste år med tett på 2,5 million kroner.

Dette distriktstilskotet skal spegla utfordringar innan distriktsutvikling og nokre sosiale forhold og vert samla i ein indeks. Konklusjonen i denne samanstillinga er at «nå går det bedre i Luster», indeksen aukar nokre poeng og me får ein høgst uventa tilleggsutfordring i budsjettarbeidet.

I arbeidet med å få til balanse i budsjettet vil me og for 2016 nytta utjamning av pensjonskostnader, avdragsutsetjing på lån og bruk av fond.

Oppløysing av reservar må til skal me få til eit budsjett i balanse.

Rådmann er ikkje komfortabel med dette, men generell innstramming og aktuelle tiltak som me arbeider med i tida framover vil ikkje på kort sikt vere tilstrekkeleg til å skapa balanse i økonomien.

PERSONALNYTT

Byrja og slutta i Luster kommune, perioden
01.06.2015 - 31.10.2015

Velkomen!

Luster sjukeheimsteneste:

Gerd Heltne – hjelpepleiar
Ann Beate Henriksen – sjukepleiar
Linda Beate Jordåen –
helsefagarbeidar
Eirin Høyheim Storvoll – heimehjelp
Maren Beddari Ørbeck –
helsefagarbeidar
Anja Lie Veum –
sjukepleiar/områdevikar

Luster heimeteneste:

Ayana Abdi - heimehjelp

Teknisk drift:

Dan-Yngve Høyheim –
fagarbeidar/driftsoperatør

Plan:

Haakon Stauri Begby – ingeniør/jurist

Hafslo barne- og ungdomsskule:

Eirik Hellebust Menes – områdevikar
(Hafslo-området)
Kari Merete Henjum – adjunkt
Kjerstin Lomheim Bremer – adjunkt

Hafslo barnehage:

Sigrud Fredheim Finstad –
barnehagelærer
Tove Bondevik Solberg –
assistent/områdevikar (+Gamlestova)

Gamlestova barnehage:

Stine Sønnesyn – fagarbeidar

Jostedal oppvekstsenter:

Karine Blikra – barnehagelærer

Indre Hafslo oppvekstsenter:

Malene Ullebø Svartefoss -
fagarbeidar

Luster oppvekstsenter:

Kai-Idar Morken - adjunkt
Michael Schmidt – lektor

Skjolden oppvekstsenter:

Gøril Elsebø Urdahl – adjunkt

Veitastrom barnehage:

Elisabeth Dale Larsen – ped.leiar
Catrine Nes – assistent
Anja Iren Hilleren - assistent

Gaupne skule:

Sølvi Fretheim Steig – adjunkt

Takk for innsatsen!

Luster sjukeheimsteneste:

Laila Kvamme – hjelpepleiar
Mai Eli Bolstad – hjelpepleiar
Gunnhild Johnsen – assistent
Tone Kristin Thomassen -
sjukepleiar
Anne Lise Aasen –
fagarbeidar (+heimetenesta)
Liudmyla Khaustovych –
helsefagarbeidar

Gaupne barnehage:

Gunnhild Holen - styrar

Plan:

Trygve Engesæter - ingeniør

Indre Hafslo oppvekstsenter:

Reidun Moen – adjunkt

Gaupne skule:

Ingebjørg Sørensen

Luster ungdomsskule:

Tore Ingar Sviggum –
undervisningsinspektør
Solbjørg Urnes Johnson – adjunkt
Einar Ese – lærar

Hafslo barne- og ungdomsskule:

Rune Melheim -
undervisningsinspektør

Veitastrom barnehage:

Rakel Johanne L. Molland – assistent

Jostedal oppvekstsenter:

Jostein Aasen - undervisningstilling

Kommunereformarbeidet:

Stortinget har bedd kommunane vurdere kommunestrukturen innan 01.07.16. I Luster er det stor skepsis til endring av kommunestruktur og det lokale arbeidet med saka er stilt i bero til etter at det nye kommunestyret er kome i arbeid. Regionalt har kommunen vore med på ei større utgreiing i regi av regionrådet. Denne utgreiinga ligg no føre i ein stor rapport på meir enn 200 sider, som du finn på heimesida til kommunen. Rapporten peikar på økonomiske gevinstar og fordelar kopla til samfunns- og næringsutvikling ved kommunesamanslåing. På den andre sida peikar rapporten på både positive og negative sider omkring lokaldemokrati medan faren for sentralisering er klar og må oppfattast som klart negativ for Luster. Dei nye formannskapa i regionen skal samlast til eit fellesmøte 30.10 for orientering og drøfting av det som ligg føre og vegen vidare. I Luster er det føreset at dette arbeidet skal oppsummerast i ei sak som skal leggast fram for kommunestyret i slutten av november. I den saka vert det drøfta og gjort vedtak om kva som vidare skal gjerast med saka i Luster.


Mange lærlingar i Luster

Lærlingane og instruktørar var inviterte til felles informasjonssamling på rådhuset i september. Ordførar og personalavdelinga informerte om kommunen og Maren Beddari Ørbeck fortalde om sitt lærlingløp som helsefagarbeidar i Luster og om 6 veker ho hadde som lærling i utlandet.

Luster kommune er ei godkjend lærebedrift og satsar no mykje på å gje ungdom utdanning gjennom lærlingordninga. Alle kommunar har eit samfunnsansvar, og er oppmoda om å ta inn 1 lærling per 1000 innbyggjar. Det vil sei at Luster etter rett skal ha 5 lærlingar. No har Luster 11 lærlingar, 7 nye og 4 frå i fjor. Kommunen har behov for fleire fagarbeidarar. Lærlingesatsinga er ein vinn-vinn situasjon: ungdom får utdanning og kommunen kan rekruttere fagarbeidarar. Me oppmodar alle tilsette i kommunen om å vere gode instruktørar for lærlingane våre.



På samlinga var desse lærlingane: f.v. Maren Beddari Ørbeck (helsefagarbeidar har teke fagbrev), Andrea Berget (barne- og ungdomsarbeidarfaget), Kaja Elisabeth Sætherbø (helsefagarbeidar), Bent Ole Bolstad (omsorgsarbeidarfaget), Eirik Glendrange (IKT), Mai Grete Brugrand (helsefagarbeidar), Feven Debesay (helsefagarbeidar), Sunniva Oppedal (barne- og ungdomsarbeidarfaget), Linn Therese Skagen (barne- og ungdomsarbeidarfaget), Nina Lid (barne- og ungdomsarbeidarfaget) og Ingrid Haukadal (kontor og administrasjonsfaget)
Ikkje til stades Varand Rebni Kjer (IKT). Foto: Sogn Avis.



Rekordmange lustralærarar tek vidareutdanning

Vidareutdanning av lærarar er ei prioritert nasjonal satsing gjennom strategien «Kompetanse for kvalitet». I år er det heile 12 lærarar i Luster som nyttar seg av denne ordninga. Det er flest i Sogn.

Vidareutdanningsstrategien «Kompetanse for kvalitet» tok til å gjelda frå 2012 og er no forlenga fram til 2025. Strategien er eit samarbeid mellom KS, arbeidstakarorganisasjonane, lærarutdanningane og Kunnskapsdepartementet. Målet er at vidareutdanning for lærarar skal bidra til god fagleg og pedagogisk kvalitet i grunnopplæringa for å styrke elevane si læring.

I praksis betyr dette at staten bidreg med ei fast finansiering for at lærarar kan ta vidareutdanning. Lærarane kan velja mellom ei vikarordning med 37,5 % studiepermisjon eller eit studiestipend på 100 000 kroner. Det formelle kravet for å få innvilga vidareutdanning er at ein har fast stilling.

Viktig kompetanse

Førre skuleår tok fem lærarar frå Luster vidareutdanning. Dette skuleåret tek heile 12 lærarar vidareutdanning. I år spenner val av studium vidt. Fem lærarar studerer matematikk eller naturfag. Elles vert det studert både musikk, spesialpedagogikk, leing i skulen, læringsleing og vurdering, språk- og lesereitleing. Studiestadene femner også vidt; Sogndal, Bergen, Lillehammer og Oslo.

I tillegg til desse 12 lærarane deltek ein frå PPT Luster i den nasjonal vidareutdanninga for systemretta arbeid, og to av rektorane i Luster følgjer rektorutdanninga ved Høgskulen i Oslo og Akershus.

«Dette er me godt nøgde med», seier leiar oppvekst Knut Åge Teigen. «At så mange tek vidareutdanning gjev Luster kommune både auka basiskompetanse i undervisingsfag og

spisskompetanse på satsingsområde som leing, systemarbeid, vurdering og lesing. Skule og barnehage er kunnskapsverksemder. Skal me halda oppe kvaliteten i opplæringa treng me formell fagleg ballast, påfyll og inspirasjon. Denne nasjonale vidareutdanningsatsinga er eit stort spleiselag for auka kompetanse. Heldigvis er det staten som legg mest pengar i potten.»

Realfag prioritert frå staten

Dei to siste åra har vidareutdanning i matematikk og naturfag vore prioritert frå staten si side. Dersom ein lærar vel eitt av desse realfaga og vikarordninga, får skulen refundert kr 225 000 når læraren tek 30 studiepoeng. For andre fag får skulane refundert 180 000 kroner. Det er rektorane og leiar oppvekst som prioriterer søknadane. Av kapasitetsomsyn er det som regel vanskeleg å innvilga meir enn maksimalt to søknader per skule.

Kompetansekartlegging

Regjeringa innførte frå og med august dette skuleåret nye og strengare kompetansekrav for å undervisa i skulen. Til dømes må lærarar som skal undervisa i norsk, matematikk og engelsk på barnesteget ha minimum 30 studiepoeng i det aktuelle faget. På ungdomssteget trengst det 60 studiepoeng for å kunna undervisa i norsk, engelsk eller matematikk. I andre fag trengst det 30 studiepoeng.

Per i dag har kommunane visse mulegheiter til å gje dispensasjon for kompetansekrava, men denne dispensasjonsretten fell vekk i 2025. Dette inneber at kommunen må gjennomføra ei kompetansekartlegging av dei tilsette i lustraskulane for å finna ut i kva fag det vil vera mest trong for vidareutdanning dei komande åra og planleggja ei systematisk vidareutdanning ut frå desse behova.

Oppgradering av LKK - ny versjon klar 26. november

The screenshot shows the LKK interface for Luster Kommune. The user is logged in as Trond Helge Eide. The dashboard is organized into several sections:

- Min oversikt**: Overview of the user's role and document counts.
- tenesteområde**: A list of service areas with document counts:
 - Luster oppvekstsenter: 0
 - Nye og endrede siste 30 dagar: 0
 - Inaktiverte og slettede: 0
 - Viktige dokumenter: 2
- Leing - overordna - felles**: A list of documents with counts:
 - Styring, planlegging, organisering: 24
 - Lover, forskrifter mm: 41
 - Tverrfagleg samarbeid: 21
 - Folkehelse: 0
 - HMT(A), Internkontroll: 87
 - Kvalitetstyring: 3
 - Beredskap/Kriseleing: 19
- Tenesteproduksjon**: A list of service areas:
 - Eleven
 - Barnehagebarnet
 - Heim - oppvektsenter
 - Overgangar
 - SFO
- Støtteprosessar**: A list of support processes:
 - Økonomi og løn
 - Personal (tilsett)
 - Innkjøp
 - Bygg/ eigedom
 - IKT
 - Post/arkiv
 - Opplæring

Skjermbilete av oppstartside i ny versjon av LKK

25. november blir LKK oppgradert til ny versjon (teknisk plattform). LKK har då fått seg ein ansiktsløfting men vil vere lik i oppbygning som dagens LKK. Som tilsett vil ein lett kjenne seg att og finne fram i LKK som før. Ei endring er at det er ein venstremeny ein kan klikke seg ned i strukturen i tillegg til å klikke på boksane som før.

For dei som har tilgang til å redigere dokument eller legge til dokument vil det vere ei endring i arbeidsmåte. Det vil bli gitt opplæring til desse.

”Søstertrimmen”



Ein fordel med turnuslivet er at me har fri ein og anna føremiddag. Me i Pleie og Omsorg har laga oss ei Facebookside som me kallar «Søstertrimmen». Her planlegg me turar og deler opplevingar. Me har hatt ein god del formiddagsturar i kommunen vår, som greitt kan kombinerast med ei seinvakt.

Målet er å oppleve nye plassar i eigen kommune, samt bli kjende med dei som jobbar med det same som oss.

Kravet er klede etter været, joggesko, godt humør og god niste.

Det er flest tilsett frå sjukeheimstenesta som har vore med på tur, men me har og hatt med nokon frå

heimetenesta. Det er anledning for alle å delta, om dei jobbar i Luster, Hafslø eller Gaupne då me prøver å reise så tidleg at me når jobben same kor me har oppmøteplass. Me har vore mellom 4 og 10 på turane. Ingen av dei planlagde turane har vorte avlyst

Me har vore på følgjande turar/toppar i eigen kommune sidan i fjor haust: Vorfjellet, Hytta på mann, Dulsæter-Liane-Dalen, Bolstadnosi, Høyheimsvik-Flatningane-Nes, Kalhagen-Hjedledn-Røneidsstølen, MoldenOpp, Ormelid, Saupsete. No blir det tur til Hodnane om ei veke, fortel Henriette Sandvik. - **UT PÅ TUR, ALDRI SUR** -

Førebyggjande aktivitetstilbod - Friskhuset.

I budsjettet for 2015 fekk rådmannen i oppdrag å starte eit prosjektarbeid med vurdering av førebyggjande aktivitetstilbod i kommunen. Frivillige lag- og organisasjonar skulle inviterast med i arbeidet og ein skulle vurdere eventuelle investeringar i kjellarlokale i Lustrabadet og framtidig bruk av Yrkesskulebygget.

Med grunnlag i dette mandatet vart det tidleg i 2015 etablert ein prosjektorganisasjon med Jostein Melheim som prosjektleiar. Det er etter dette lagt ned eit omfattande arbeid og 1. oktober leverte Jostein ein samla rapport til rådmannen. Rapporten vart presentert for formannskapet onsdag 14. Oktober (sjå eigen lenkje til rapporten)

Rapporten er utarbeidd med grunnlag i aktiv deltaking frå mange, og alle som har delteke i arbeidet - og/eller gjeve uttale - har vore positive til tilrådingane i sluttrapporten.

Det vert tilrådd at yrkesskulebygget får namnet Friskhuset og at følgjande aktivitetar vert samla der:

- Nytt kommunalt dagsenter/dagtilbod.
- Luster treningssenter.
- Sogn Frikslvs- og Meistringssenter.
- Luster Frivilligsentral.

- Møteplass for frivillige lag- og organisasjonar.
- Kommunale helsetilbod.
- Kommunale aktivitetstilbod.
- Kontorplass og lager.

Rapporten har i seg ei planløyising/romprogram som syner korleis dei ulike tilboda kan innplasserast. Rådmannen si førebelse vurdering er at ei realisering av dette kan gje kommunen eit kraftsenter i høve førebyggjande folkehelsearbeid og løyse mange viktig oppgåver, som t.d. eit dagsentertilbod. Det vil også vere ei god oppfølging av samhandlingsreforma og andre nasjonale føringar – ikkje minst eit utvida og betra samarbeid med- og mellom frivillige lag- og organisasjonar.

Arbeidet vil no bli vidareført inn i budsjettprosessen og vert ein del av dei samla vurderingane og vanskelege prioriteringane inn mot budsjettet for 2016 og økonomiplan 2016-2019.

Rådmannen er takksam for det arbeidet Jostein Melheim og andre involverte har gjennomført så langt, og meiner rapporten gjev eit godt og grundig svar på arbeidsoppdraget frå kommunestyret.

[Her er lenkje til prosjektrapporten](#)

Årshjulstiltak 2015



Gjennomførte tiltak:

- Kostra rapportering
- Rekneskap og årsmelding (frå einingane)
- Leiardialogen
- Medarbeidersamtalar
- Brukarundersøking barnehage
- Rekneskap og årsmelding (rådmannen)
- Brukarundersøking skule
- Vernerunde
- Tenesteplan
- Tertialrapport T2
- Introduksjonsseminar
- Val 2015

Igangsette tiltak:

- Valopplæring
- Budsjett, planprogram, økonomiplan

Komande tiltak:

- Rekneskap (des)
- Årsrapport (2016)

Ny BHT leverandør

Frå 10 august overtok **Stamina Helse** etter **Bedriftshelse1** som leverandør av bedriftshelsetenester til Luster kommune.

Meir informasjon om tenesteomfang mm kjem etterkvart.

Sjukefråvær i Luster kommune

